

# MØTEBOK

## FELLESRÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
11.06.2020

---

### Tilstades på møtet

**Medlemmer:** Rune Minde, Gerd Marie Solheim, Bjørn Helge Olsen, Inger Synnevåg, Anne Dahle Austrheim, Svein Tomas Villanger, Helge Dyrkolbotn.

**Varamedlemer:** Kjell Dahle, Anita Bakke.

**Andre:**

Kommunal representant :  
Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Hege Ramsland, Torill Hordvik, Edvard Bjerkestrand, Kine Lerøy

**Møtte ikkje:** Arne Lerøy

**Saker til førehaving:**  
F -11/20 – F15 /20

**Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 11/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

**Framlegg til vedtak:**

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.*

**Vedtak:**

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.*

F – 12/20 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

**Vedtak:**

*Gerd Marie Solheim og Bjørn Helge Olsen.*

F – 13/20 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 07.05.2020

**Framlegg til vedtak:**

*Møteboka frå 07.05.2020 vart godkjent utan merknader.*

**Vedtak:**

*Møteboka frå 07.05.2020 vart godkjent utan merknader.*

F – 14/20 ORIENTERINGAR

- Oppsummering av utbettingsarbeidet i kyrkja. Framlegging av prosjektrekneskap.  
*Orienteringa vart tatt til vitande.*
- Økonomirapport så langt i år.  
*Det var noko uklårt i den rapporten som låg føre om utbetaling av lønsutbetalingane, sidan det såg ut som vi låg på etterskot med lønsbudsjettet. Det viste seg i etterkant at det var ein feil i den rapporten som var sendt ut. Lønspostane er i samsvar med budsjettet så langt.*
- Møte med kommuneleiinga 24.juni. Orientering og innspel til møtet.  
*På møtet den 24.juni må ein korfatta presentera soknet si generelle verksemd – med utgangspunkt i presentasjonen til årsmøtet tidlegare i år. Utfordringane med nedtrekket i budsjettet for 2020 og vidare framover, samt behovet for kontorfasilitetar ved ei eventuell flytting av kyrkjekontoret. Ordføraren må også kallast inn til dette møtet.*

F – 15/20 GJENNOMGANG AV KORONATILTAKA

**Framlegg til vedtak:**

*Austrheim sokneråd tek orienteringa om koronatiltaka til vitande.*

**Vedtak:**

*Austrheim sokneråd tek orienteringa om koronatiltaka til vitande.*

### Bakgrunn:

Kyrkja i Austrheim vart til liks med alle andre kyrkjer stengt for gudstenester med verknad frå 12.mars i år, grunna nasjonale tiltak grunna koronapandemien. Grunna denne situasjonen vart også kyrkjekontoret stengt for publikum.

Kyrkja var likevel open for gravferder og dåp, med klåre avgrensingar på kor mange som kunne samlast.

Soknepresten kom etterkvart med fast ein gong i veka i kommunen sin krisestab. Vi har hatt løpende kontakt med kommunelegen, særskilt den første tida, om korleis vi praktisk skulle løysa dette med gravferdene. I starten var det nasjonale råd om maksimalt 50 tilstades ved gravferder. Dette vart så redusert til 25 og er sidan auka til 50 og no etter 15.juni er det mogeleg å samlast inntil 200. Avstandskravet (minimum 1 meter) medfører likevel at det ikkje er mogeleg å samla 200 personar i kyrkja samstundes. Staben har – etter nasjonale føringar – hatt gjennomgang av smittevernrutinar og har laga smittevernplan. Etter måling og ved at ein brukar annankvar benk, samt eine halvdelen av galleriet, kan ein maksimalt ha 105 personar inne i kyrkja samstundes.

For å ivareta omsynet til smittesporing, har vi landa på at dei som er tilstades vert ført opp på ei namneliste med telefonnummer. Desse listene vert oppbevart i safe og i ein lukka konvolutt i 10 – 12 dagar, før lista vert makulert. Ved gravferder har det til no vore byråa som har bedt dei pårørande om å skaffa denne oversikta. Når talet på kor mange som kan delta no vert auka, vert dette kravet noko meir utfordrande å følgja opp. Ved gudstenester er det kyrkjevertane som får oppgåva å føra opp kven som er tilstades. Ved reine dåpsgudstenester er det familiene sjølv som skaffar dette oversynet. I Austrheimkyrkja har vi ikkje operert med påmelding til gudstenester, difor får kyrkjevertane ei viktig rolle med namneregistrering og informasjon til dei som kjem til kyrkja.

# MØTEBOK

## SOKNERÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
11.06.2020

---

### Tilstades på møtet

**Medlemer:** Rune Minde, Gerd Marie Solheim, Bjørn Helge Olsen, Inger Synnevåg, Anne Dahle Austrheim, Svein Tomas Villanger, Helge Dyrkolbotn.

**Varamedlemer:** Kjell Dahle, Anita Bakke.

**Andre:** Kommunal representant :  
Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Hege Ramsland, Torill Hordvik, Edvard Bjerkestrand, Kine Lerøy

**Desse møtte ikkje:** Arne Lerøy

Saker til førehaving:  
Soknerådssaker: S- 13/20 – S 17 /20

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

**Underskrift:**  
Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 13/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:  
*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.*

**Vedtak:**  
*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.*

S – 14/20 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 07.05.2020

Framlegg til vedtak:  
*Møteboka frå 07.05.2020 vart godkjent utan merknader.*

**Vedtak:**  
*Møteboka frå 07.05.2020 vart godkjent utan merknader.*

S -15/20 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

**Vedtak:**  
*Gerd Marie Solheim og Bjørn Helge Olsen.*

S – 16/20 VEGEN VIDARE FOR SOKNET – MEIR OM MÅLSETJINGAR.

Framlegg til vedtak:  
*Saka vert lagt fram til drøfting i soknerådet utan framlegg til vedtak.*

**Vedtak:**  
*Saka vert utsett til hausten. Dette er ei sak ein må ha nok tid på seg til å drøfta.*

Bakgrunn:  
Sidan saka vart utsett på møtet i februar, er det ønskjeleg å ta saka opp igjen på møtet no 7.mai. Soknerådet bør vurdera om ein skal ha ei drøfting som går over lengre tid til desse formåla

Soknerådet har tidlegare hatt ein prosess der ein har drøfta visjon og målsetjingar for kyrkjelyden. Ein har hatt følgjande mål og visjon for arbeidet:

Arbeidsmålet for kyrkjelyden i Austrheim:  
»*Den Norske kyrkja i Austrheim skal vera ei vedkjennande, misjonerande, diakonal og open folkekirkje.  
I forkynning, opplæring og omsorgsteneste er målet at menneska skal koma til tru på Herren Jesus Kristus og*

*finna ein plass i eit frigjerande og forpliktande fellesskap*

Visjon  
*Austrheimkyrkja – tru, fellesskap, deltaking.*

Dette kan vera bakteppet for den vidare drøftinga i soknerådet.

Ein innfallsvinkel kan vera å sjå om det er ønskjeleg å gjera endringar både i mål og visjon.

Så kan ein ta ei drøfting på korleis dette vil få konsekvensar for :

- Gudstenestelivet.
- Konfirmantarbeidet.
- Barn og unge.
- Det diakonale arbeidet.
- Kommunikasjonen ut via Kyrkjebakken, heimesida og facebook.
- Nytt forsamlingsbygg ved kyrkja.
- Endra kontorlokale.
- Gravferdsforvaltninga.

Prest og kyrkjeverje har hatt ei innleiande drøfting av denne saka. Vi tenkjer at arbeidsmålet gjerne kan stå, sidan denne i stor grad liknar på bispedømet si målsetjing. Vi foreslår at begrepet «*misionerande*» vert bytt ut med «*misional*». Dette har samanheng med at ein i moderne misjonstenking er oppteken av misjon på ein meir heilskapleg måte – dvs at misjon i tillegg til rein forkynning også handlar om endring av lokalsamfunn og levekår.

På visjonsdelen har vi leika oss med ord som kan skjela litt til kommunen sin visjon. Vi ønskjer at fellesskapet i kyrkja skal virka slik at det fungera slik at det opnar opp. Vi har difor leika oss med følgjande ordpar:

*Austrheimkyrkja – opne hjarte – open himmel.*

Dette kan vera eit utgangspunkt for vidare samtale.

S -17/20

KONFIRMASJONSGUDSTENESTENE.

*Dette vart tatt opp som ei eiga sak i møtet. Grunnen til dette er at staben, grunna smittevernomsyna og for å få lagt alle gudstenestene til same dag og kunna ha flest mogeleg i kyrkja, ønskte å gjennomföra dette med 4 gudstenester. Dermed måtte ein korta ned gudstenestene betydeleg. Soknerådet meinte at dette ikkje er haldbart og at ei slik nedkorting av sermoniane fort vert opplevd som uverdig og heseblesande. Soknerådet ber difor om at det vert gått tilbake til ordninga med 2 gudstenester, sjølv om det betyr færre deltagarar pr konfirmant.*

*(Staben har sett på dette ein gong til. Avstandskravet gjer at det ikkje er mogeleg å gjennomföra dette med 2 gudstenester, rett og slett fordi vi har for mange konfirmantar. Vi har difor landa på 3 gudstenester, kl 10.00, 11.30 og 13.00. Dermed får vi plass til alle og vi får utvida tida for kvar sermoni).*